



NVE

HARDANGER ENERGI AS

Postboks 33

5782 KINSARVIK

Vår dato: 17.02.2026

Vår ref.: 202603530-2 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

NVE gir løyve til mellombels fråvik frå manøvreringsreglementet for Kinso kraftverk i Kinso i Ullensvang kommune, Vestland fylke

Vi viser til søknad av 09.02.2026 om løyve til fråvik frå krav om minstevassføring. Først i brevet finn du NVE sitt vedtak med tilhøyrande vilkår. Deretter kan du lese om tiltaket og NVE si grunngiving for vedtaket.

NVE sitt vedtak

NVE gir løyve til at Hardanger Energi AS kan fråvika kravet om minstevassføring i Kinso i ein periode på inntil 14 dagar frå 17.02.2026.

Løyvet er gitt i medhald av vassressurslova § 10 tredje ledd.

NVE stiller følgjande vilkår

- Perioden utan minstevassføring i Tveitafossen/Kinso må gjerast så kort som mogleg. Så raskt tilsiget og temperaturane normaliserer seg, skal minstevassføringa gå som normalt.
- Alle vasstands-/vassføringsendringar skal skje gradvis slik at stranding av fisk og andre vasslevande organismar blir minimerte eller unngått så langt det er mogleg.
- NVE skal varslast skriftleg når minstevassføringa er attende til normalen.
- Det skal førast protokoll over vasstanden i elva i det tidsrommet vasstanden er under 0,5 m³/s. Det skal meldast frå til NVE når dykk igjen slipp minstevassføring.
- Ramma partar skal kontaktast direkte for å bli informerte om tiltaket. Informasjon om tiltaket skal i tillegg publiserast på relevante nettsider, som nettsida til selskapet og sosiale medium. Vi ber om at Hardanger Energi kontaktar kommunen for å leggje ut informasjon om tiltaket på nettsidene til kommunen.
- NVE føreset at Hardanger Energi har ordna dei privatrettslege forholda som eventuelt måtte bli skadelidande av tiltaket.

Høve til å klage

Vedtaket kan ikkje klagast på, jf. vassressurslova § 10 tredje ledd.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett:

www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Om søknaden

Hardanger Energi AS (HE) eig og driftar Kinso kraftverk, med gjeldande vilkår for slipp av vatn gitt i konsesjon av 07.12.2010 (NVE ref. 200704760-4). I konsesjonen vart det satt fylgjande krav til minstevassføring:

«I perioden 1.juni — 30.september skal det sleppast ei minstevassføring forbi inntaket på 10 m³/s. Resten av året skal det sleppast 0,5 m³/s. Dersom tilsiget er mindre enn ovannemnte krav skal heile tilsiget sleppast forbi, og kraftverket skal i slike tilfelle ikkje vera i drift.»

Grunna ein særdeles kald og turr vinter, er tilsiget nå så lågt at det er under kravet til minstevassføringa som er gitt i konsesjonen. Ved søknadstidspunktet var faktisk tilsig i elva berre 0,42 m³/s, altså lågare enn kravet på 0,5 m³/s. I høve til krava gitt i konsesjonen skal HE ved slike tilhøve stoppa aggregata og la vatnet gå til overløp.

HE fryktar for at heile inntaket vil frysa til is og vidare gje skadar på inntak og røyrgate dersom dei stoppar kraftverket. HE har difor valt å ikkje gjera det i dette tilfellet, og skriv i søknaden:

«Grunna den svært uvanleg lange perioden med særdeles kaldt og turt vær, ynskje me å kunne la eine aggregatet på minimums pådrag for å hindra frostskadar på det tekniske utstyret. Tiltaket har ingen negative konsekvensar for anadrom fisk i vassdraget. Det er heller ingen negativ visuell effekt sidan alt tilsig uansett vil gå under isen i fossen.»

Høyring

På grunn av den omgåande nødvendigheita av tiltaket og avgrensa verknader har vi ikkje funne behov for ei høyring, jf. vassressurslova § 24 andre ledd bokstav a.

NVE si vurdering

NVE kan gi løyve til at vilkår om minstevassføring blir fråvike over ein kortare periode for enkelttilfelle utan miljømessige konsekvensar etter vassressurslova § 10 tredje ledd. Bakgrunnen for å ha ein slik føresegn for ekstraordinære situasjonar finns i forarbeida til vassressurslova § 10 tredje ledd, jf. Ot prp. nr 39 (1998-99). I merknadane står det: «Bestemmelsen vil kunne møte behovet for raske avgjørelser i spesielle knapphetssituasjoner. Av den grunn er vedtaket unntatt fra klageadgang, jf. annet punktum. I og med at bestemmelsen utelukkende tar sikte på ekstraordinære situasjoner forutsettes det at vassdragsmyndigheten anvender bestemmelsen med varsomhet og bare gir en slik tillatelse der den alternative bruk har særlig gode grunner for seg.»

Hardanger Energi grunnjev søkt om fråvik med at teknisk utstyr i kraftverket kan få frostskadar og gi varige skadar på inntak og røyrgate i kraftverket. Dette følgjer av ein særskild kald og turr vinter, der tilsiget er lågt og kraftverket må gå på minstevassføring. Det har i lang tid vore ein ekstraordinær vær-situasjon langs kysten av Noreg med vintertørke, isproblemar og aukande knappleik på vatn, som [omtala av NVE i pressemelding den 11.02.2026](#). NVE er av den oppfatning at værtypen er ekstraordinær og at tilsiget er unormalt lågt som ein konsekvens av dette. Vi reknar også moglege skadar på kraftverk som eit behov for raske avgjersler. NVE meiner at varige skadar på kraftverk som fylgje av ein ekstraordinær vær-situasjon med langvarig tørke og kulde bør unngås så langt det er mogleg, gitt at dette ikkje får nemneverdige konsekvensar for miljø.



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

HE påpeikar at all minstevassføring går under isen i Tveitafossen på strekningen mellom inntaket og kraftverksutløpet. I grunngjevinga til konsesjonen vart det nemnt at det truleg i liten grad er verdier knytt til biologisk mangfald som er avhengig av vassføring i vinterperioden for denne strekninga av Kinso. NVE er einig i HE sin vurdering og kan ikkje sjå at biologisk mangfald blir vesentleg påverka som følge av fråviket frå minstevassføring i Tveitafossen.

Nedstrøms Tveitafossen finns det anadrom fisk i elva. HE skriv at heile vassføringa, uavhengig av om den går igjennom kraftstasjonen eller i elveløpet, vil koma tilbake til elva oppstrøms vandringshinder for anadrom fisk. NVE vurderer difor at fisk i elva ikkje blir påverka av redusert minstevassføring.

NVE har gjort søk i Naturbase og Artskart den 17.02.2026. Tveitafossen er kartlagt som ei fossesprøytsone av noko verdi. NVE vurderer at sidan fråviket er på vinteren og i ei kald periode, vil ikkje dei nemnte naturverdiane påverkast nemneverdig av lågare vassføring i Tveitafossen. Rett nedstrøms utløpet til Kinso kraftverk er det registrert skoddelav (NT-nær trua) som veks på stader med høg luftfukt og ei rekkje raudlista fugleartar som til dels er tilknytt vassdraget. Desse vil ikkje bli påverka ved at tilsiget går igjennom kraftverket. NVE meiner at vurderingane er i tråd med prinsippa i naturmangfaldlova som skal varetakast når vedtak treffest, jf. naturmangfaldlova §§ 8-12. NVE vil i samband med dette påpeike at tiltaket er mellombels og ikkje medfører miljømessige konsekvensar. NVE kan heller ikkje sjå at tiltaket er i strid med forvaltningsmålet for artar eller økosystem, jf. naturmangfaldlova §§ 4 og 5.

NVE sin oppsummering og konklusjon

NVE kan ikkje sjå at søknaden om fråvik frå slipp av minstevassføring i ei avgrensa periode i Kinso vil føre til nemneverdige miljømessige konsekvensar for naturverdier eller anadrom fisk. Fråviket er mellombels og grunngjeve i ei ekstraordinær situasjon der ein vil unngå frostskeidar på inntak og teknisk utstyr i kraftverket som ein konsekvens av ein unormalt turr og kald værtype.

NVE gir løyve etter vassressurslova § 10 tredje ledd til at Hardanger Energi AS kan fråvike krav om minstevassføring på inntil 14 dagar frå 17.02.2026. Om det ekstraordinære turre og kalde været vedvarar utover desse 2 vekene, må det sendast ein ny søknad til NVE.

Med helsing

Brit Torill Haugen
fung. seksjonssjef

Oscar Østvold
fagleder

Godkjent etter NVE sine interne rutinar.



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Mottakarliste:

HARDANGER ENERGI AS

Kopimottakarliste:

HARDANGER ENERGI AS - Magne Alpen

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

VESTLAND FYLKESKOMMUNE

ULLENSVANG KOMMUNE